



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

# Registrert nedbygd jordbruksareal

Kartbasert måling basert på registreringar i perioden 2020 - 2021

NIBIO RAPPORT | VOL. 8 | NR. 142 | 2022



Kjetil Fadnes, Nicolai Munsterhjelm  
Divisjon for kart og statistikk

**TITTEL/TITLE**

Registrert nedbygd jordbruksareal. Kartbasert måling basert på registreringar i perioden 2020 - 2021

**FORFATTER(E)/AUTHOR(S)**

Kjetil Fadnes, Nicolai Munsterhjelm

<b>DATO/DATE:</b>	<b>RAPPORT NR./ REPORT NO.:</b>	<b>TILGJENGELIGHET/AVAILABILITY:</b>	<b>PROSJEKTNR./PROJECT NO.:</b>	<b>SAKSNR./ARCHIVE NO.:</b>
21.11.2022	8/142/2022	Åpen	450101-3	22/01483
<b>ISBN:</b>	<b>ISSN:</b>	<b>ANTALL SIDER/ NO. OF PAGES:</b>	<b>ANTALL VEDLEGG/ NO. OF APPENDICES:</b>	
978-82-17-03169-7	2464-1162	45	1	

**OPPDRAAGSGIVER/EMPLOYER:**

Landbruks- og matdepartementet

**KONTAKTPERSON/CONTACT PERSON:**

Anders Tronstad

**STIKKORD/KEYWORDS:**

Nedbygging, omdisponering, jordvern, dyrka jord, jordbruksareal, arealrekneskap

Conversion of agricultural land, soil protection, cultivated land, resource accounting

**FAGOMRÅDE/FIELD OF WORK:**

Arealressurskart, kart og statistikk, GIS-analyse

Land resource map, maps and statistics, GIS analysis

**SAMENDRAG/SUMMARY:**

Basert på registreringar i sentrale kartbasar for vegar og bygningar er det gjort målingar for å talfeste nedbygd jordbruksareal. Tidlegare undersøkingar tilseier at 75 % av nedbygginga skuldast vegar og bygningar. Resultata frå undersøkinga kan sjåast som førebels tal på årleg nedbygging. Rapporten viser også kva som er årsak til nedbygginga, samt den agronomiske kvaliteten på dei nedbygde areala. I arbeidet er det også lagt vekt på å undersøke feilkjelder og etterslep ved registreringane.

**LAND/COUNTRY:**

Norge

**FYLKE/COUNTY:****KOMMUNE/MUNICIPALITY:****STED/LOKALITET:****GODKJENT /APPROVED**

Hildegunn Norheim

NAVN/NAME

**PROSJEKTLEDER /PROJECT LEADER**

Jostein Frydenlund

NAVN/NAME



**NIBIO**

NORSK INSTITUTT FOR  
BIOØKONOMI

# Forord

Rapporten viser resultat for kartbasert måling av registrert nedbygd jordbruksareal for perioden 2020 og 2021. I tillegg til å vise kor mykje jordbruksareal som er registrert nedbygd, visest også formålet med nedbygginga og kvaliteten på jordbruksareala som er bygd ned.

Arbeidet inngår som del i utviklinga av eit resultatrapporteringsystem for jordvernpolitikken, og skal vere eit supplement til tal frå KOSTRA for omdisponert jordbruksareal.

Metoden bygger på prinsippa som er lagt til grunn for SSB sitt arbeid med å måle arealbruksendringar (Steinnes 2013) og nedbygging av jordbruksareal (Gundersen mfl. 2017), og er ei forenkla utgåve av dette. Resultatet må sjåast som førebels tal for årleg nedbygd jordbruksareal. Førebels tal for ein periode kan brukast inntil det føreligg meir fullstendig statistikk for faktisk nedbygging av jordbruksareal i perioden.

Resultatet viser kva som er registrert nedbygd i sentrale kartbasar for vegar og bygningar dei to åra 2020 og 2021. I praksis kan nedbygginga ha skjedd nokre år før den er registrert i kartet. Det er difor lagt vekt på å talfeste etterslepet i registreringane.

Arbeidet er utført på oppdrag frå Landbruks og matdepartementet.

Ås, 01.11.2022

Kjetil Fadnes

# Innhald

1	Innleiing .....	5
1.1	Bakgrunn .....	5
1.2	Formål .....	5
1.3	Datagrunnlag .....	6
1.3.1	Arealressurskartet AR5 .....	6
1.3.2	Bygningspunkt i Matrikkelen .....	8
1.3.3	Nasjonale vegdatabank og elveg .....	9
1.3.4	Felles kartdatabase (FKB) .....	9
1.3.5	Etterslep og etterregistrering .....	9
2	Metode .....	11
2.1	Årsversjon av AR5 .....	11
2.2	Bygningar .....	15
2.2.1	Etterregistreringar i matrikkelen .....	15
2.2.2	Bygningsstatus .....	15
2.2.3	Bygningsomriss frå FKB .....	17
2.2.4	Berekning av arealbeslag frå bygningar .....	17
2.2.5	Arealbeslag mellom bygningar .....	19
2.3	Vegar .....	23
2.3.1	Vegbredder .....	25
2.3.2	Etterregistrering av vegar .....	28
2.4	Overlapp av registrert nedbygd areal ved årleg gjentak .....	28
3	Resultat .....	30
3.1	Registrert nedbygd areal etter formål .....	30
3.2	Samanlikning med tal frå KOSTRA .....	31
3.3	Registrert nedbygd jordbruksareal etter kvalitet .....	32
3.3.1	Kopling mot jordsmonnkart .....	33
3.3.2	Kopling mot AR5 og agroklimatiske sonar .....	36
3.4	Registrert nedbygd areal etter fylke .....	38
3.5	Registrert nedbygd jordbruksareal etter kommune .....	38
4	Diskusjon .....	40
4.1	Feilkjelde ved etterregistrering av vegar .....	40
4.2	Samanlikning med tidlegare måling av nedbygd jordbruksareal .....	40
4.3	Annan utbygging .....	41
4.4	Annan type nedbygging .....	42
4.5	Ulike grader av nedbygging .....	43
5	Anbefalingar og vidare arbeid .....	45
6	Referansar .....	46
	Vedlegg 1 .....	47



# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Jordbruksareala våre er ein ikkje-fornybar ressurs som vi er avhengig av for mattryggleik og for å oppretthalde sjølvforsyningsgraden. Med aukande befolkning, hyppige avlingssviktar som følgje av endra klima, og no ikkje minst krig i verdas kornkammer, kan rasjonering av matvarer verte ein realitet også her i landet. (Bardalen mfl. 2022). Samstundes er jordbruksareala våre under sterkt press både for bustadbygging, samferdsel og næringsutvikling. Sjølv om berre 3 % av landarealet i Norge er jordbruksareal så ligg ein stor del av desse areala nettopp der folk vil bygge og bu. Om lag 25% av jordbruksarealet ligg mindre enn 1 km frå tettstad. (Aune-Lundberg og Ulfeng 2020).

Frå det fyrste jordvernålet om å halvere omdisponeringa av dyrka jord i 2004 er målet stadig skjerpa, og det gjeldande jordvernålet er no satt til 3000 dekar årleg. Tal frå KOSTRA vert brukt som mål på årleg nedbygging. KOSTRA viser kor mykje dyrka jord som er avsett til utbygging gjennom reguleringsplanar, men seier ikkje kva tid utbygginga skjer. Det kan gjerne ta nokre år frå dyrka jord vert meldt inn som omdisponert fram til utbygging startar. Noko utbygging skjer også utan at arealet er meldt omdisponert, og noko av det omdisponerte arealet vert aldri bygd ut. Etter kvart som jordvernålet er skjerpa inn, har etterspurnaden etter tal på kor mykje dyrka jord som faktisk vert bygd ned auka.

Ettersom vi har landsdekkande sentrale kartbasar både for jordbruksareal, bygningar, vegar og andre sentrale karttema er det naturleg å tenke at det er ei enkel sak å få oversikt over kor mykje jordbruksareal som vert bygd ned kvart år. Men i realiteten er dette likevel ikkje heilt rett fram å få til. Utfordringane med å bruke kartdata for å måle årleg nedbygging av jordbruksareal er gjort godt greie for i SSB-rapport 2017/14. Justering av kartgrunnlag utan at det har skjedd ei reell endring i terrenget, etterregistrering av utbygging som er skjedd for fleire år sidan, samt ujamn takt på oppdatering av ulike kartgrunnlag er nokon av faktorane som er trekt fram som feilkjelder og som gjer at det er vanskeleg å få nøyaktige tal for kor mykje jordbruksareal som vert bygd ned kvart år.

## 1.2 Formål

Gjennom tildelingsbrev frå LMD har NIBIO fått i oppdrag å utarbeide «resultatrapporteringsystem for jordvernpolitikken». Målet er å presentere best mogelege tal for kor mykje jordbruksareal som er bygd ned siste år. I tillegg er det eit mål å seie noko om kvaliteten på dei areala som er bygd ned, og dermed kva konsekvensar nedbygginga har for matproduksjonen. Medan tala frå KOSTRA kan brukast til målstyring i jordvernpolitikken, vil målingar av registrert nedbygd jordbruksareal vere fyrste del av eit resultatrapporteringsystem.

Tal frå KOSTRA pr. 2021 viser at om lag 55 % av omdisponert dyrka jord er til bygningar av ulike slag, medan om lag 27 % er til samferdsel og teknisk infrastruktur. Det resterande er til grønstruktur og andre føremål. Nedbygging til landbruksføremål vert ikkje rapportert i KOSTRA.

Sidan KOSTRA viser kva som skal byggast ned, og måling av registrert nedbygd jordbruksareal viser kva som er bygd ned, så kan ikkje tala samanliknast direkte år for år.

Oversikt over registrert nedbygd jordbruksareal kan også inngå som del i eit arealrekneskap, for å vise utviklinga i ressursgrunnlaget for jordbruket. I denne rapporten er det lagt vekt på nedbygd jordbruksareal. Men samme metode kan også brukast for å gje oversikt over til dømes nedbygd dyrkbar jord eller nedbygd myr.

## 1.3 Datagrunnlag

Vi har lagt vekt på å bruke få, men pålitelege kartkjelder. Då vert det enklare både å forstå og kommunisere resultatet, og det vert lettare å halde oversikt over feilkjeldene. Metoden er dokumentert gjennom NIBIO rapport 6 (123) 2020 «Indikator for nedbygging av dyrka jord».

For å måle kor mykje jordbruksareal som vert bygd ned kvart år må ein bruke kartkjelder som er mest mogeleg oppdaterte og pålitelege. Ei sentral kjelde er arealressurskartet AR5. Det viser kva som er jordbruksareal. Men arealressurskartet viser ikkje eintydig kva areal som er utbygd. For å finne det må ein kombinere AR5 med andre kartkjelder. Her er det to kjelder som peiker seg ut:

- Bygningspunkt i matrikkelen: Alle nye bygningar over 15 m<sup>2</sup> skal etter matrikkelforskrifta registrerast som punkt i matrikkelen i samband med byggesakshandsaming.
- Vegar i Nasjonal vegdatabank (NVDB): Nye vegar skal registrerast i NVDB etter kvart som dei er ferdigstilte.

Funna i SSB-rapport 2017/14 «Nedbygging av jordbruksareal», tilseier at rundt 75 % av nedbygd jordbruksareal kjem frå bygningar og vegar. Det resterande kan til dømes vere parkeringsplassar eller sports- og friluftsområde. Ved å bruke desse to kjeldene bør det altså i utgangspunktet vere mogleg å påvise rundt ¾ av nedbygd jordbruksareal.

Sjølv om vi bruker data som er lagt inn i matrikkelen og vegdatabanken i løpet av det siste året, så betyr ikkje det nødvendigvis at det var då areala vart utbygd. Her er det eit visst etterslep. Vi har lagt vekt på å undersøke kor stort dette etterslepet er.

### 1.3.1 Arealressurskartet AR5

Arealressurskartet AR5 er eit heildekkande, nasjonalt datasett som viser arealressursane ut i frå produksjonsgrunnlaget for jord- og skogbruk. I AR5 er alt areal delt inn i arealtypar etter kriterie for vegetasjon og kulturpåverknad. Jordbruksareal er delt i tre arealtypar etter dyrkingsgrad, og viser areal som er dyrka opp og som kan brukast til jordbruksproduksjon. Vidare er areala delt inn etter treslag, bonitet og grunnforhold, alt etter kva som er relevant for arealtypen.

<b>Arealtype</b>	<b>Beskrivelse</b>
<i>Fulldyrka jord</i>	<i>Jordbruksareal som er dyrka til vanleg pløyedjupn, og som kan nyttast til åkervekstar eller til eng, og som kan fornyast ved pløying.</i>
<i>Overflatedyrka jord</i>	<i>Jordbruksareal som for det meste er rydda og jevna i overflata, slik at maskinell hausting er mogleg.</i>
<i>Innmarksbeite</i>	<i>Jordbruksareal som kan nyttast som beite, men som ikkje kan haustast maskinelt. Minst 50 % av arealet skal vere dekt av kulturgras eller beitetålande urter.</i>

Vidare er landarealet delt i desse arealtypepane:

<i>Skog</i>	<i>Areal med minst 6 tre pr. dekar som er eller kan bli 5 m. høge, og som er jamt fordelt på arealet</i>
<i>Myr</i>	<i>Areal med myrvegetasjon og minst 30 cm torvlag</i>
<i>Åpen fastmark</i>	<i>Areal som ikkje er myr, og som heller ikkje er jordbruksareal, skog, bebyggd eller samferdsel</i>
<i>Bebyggd</i>	<i>Areal som er utbygd eller i vesentleg grad opparbeida, samt tilstøytande areal som i funksjon er nært knytt til bygningane.</i>
<i>Samferdsel</i>	<i>Areal med anlegg som er brukt til samferdsel</i>

I rundskriv M-1/2013 frå LMD er det presisert at det er dyrka jord etter jordlova følger definisjonane av jordbruksareal i AR5. Jordlova seier at dyrka jord ikkje må brukast til føremål som ikkje tek sikte jordbruksproduksjon. I rundskrivet heiter det at «*Som dyrka jord regnes fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Begrepene er definert i kartsystemet AR5. Dyrkbar jord er definert i kartsystemet FKB Dyrkbar Jord. Ved vurderingen av om et areal er dyrka eller dyrkbart bør en legge disse definisjonene, slik de er til enhver tid, til grunn.*»

Oppdatering av arealressurskartet er delt i periodisk ajourhald, der NIBIO oppdaterer kartet kommune for kommune basert på nye flyfoto, og kontinuerleg ajourhald som vert utført av kommunane. Periodisk oppdatering vert gjort om lag kvart 4. til 8. år, etter avtale mellom partane i kartsamarbeidet Geovekst. I mellomtida har kommunane ansvar for å halde kartet oppdatert.

NIBIO har årsversjonar av AR5 tilbake til 2010. Ein kan tenke seg at samanlikning av årsversjonar av AR5 vil gje svar på spørsmålet om kor mykje jordbruksareal som vert bygd ned kvart år. Dette vil gje ei viss oversikt over nedbygd jordbruksareal, men det er fleire grunnar til at ein bør kombinere AR5 med andre datakjelder for å finne svar på årleg nedbygging av jordbruksareal. For det fyrste går det ikkje fram av AR5 kva som er formålet med utbygginga, om det gjeld bustad, industri eller landbruk, til dømes. Denne typen informasjon kan ein derimot finne i matrikkelen og i vegdatabasen. Vidare vil ei samanlikning mot førre årsversjon i større grad vere prega av kva tid kartet vart oppdatert, spesielt gjennom periodisk ajourføring, og vil ikkje like godt vise kva tid utbygginga skjedde. Til sist er det ikkje alt nedbygd areal som vil bli klassifisert som bebyggd eller samferdsel i

AR5. Både vegskjæringar og anna grønstruktur vil til dømes ofte bli klassifisert som åpen fastmark og kjem ikkje fram som nedbygd gjennom samanlikning av årsversjonar av AR5.



Figur 1: Utsnitt som viser arealtypar i AR5 rundt eit veganlegg. Vegbanane er klassifisert som arealtype samferdsel, vist i brunt, medan grøfter, vegskjæringar og inneklemt restareal er klassifisert som åpen fastmark, vist i grått.

### 1.3.2 Bygningspunkt i Matrikkelen

Matrikkelen er Norges offisielle eigedomsregister, og inneheld opplysningar om eigedomsgrenser, bygningar og adresser. Det er kartverket som forvalter matrikkelen, medan kommunane har ansvar for å halde den oppdatert. Etter matrikkelforskrifta skal alle nye bygningar over 15 m<sup>2</sup> registrerast som punkt i matrikkelen i samband med byggesakshandsaming. Kvar registrerte bygning får eit unikt bygningsnummer. I tillegg vert det registrert opplysning om bygningstype, bygningsstatus samt opphav til registreringa og når det sist vart gjort oppdatering av informasjon om bygningen. Desse opplysningane er tilgjengeleg i datasettet Matrikkelen – Bygningspunkt, som kan lastast ned frå [geonorge.no](http://geonorge.no).

Bygningspunkta som er tilgjengelege frå Geonorge inneheld ikkje opplysningar om kor stor bygningen er. Men desse opplysningane ligg i innsynsløysinga Matrikkel API. I denne samanhengen er det fyrst og fremst eigenskapen «bebygd areal» som er relevant. Bebygd areal viser kor stort «fotavtrykket» til bygningen er, altså det arealet som bygningen opptar av terrenget. Eigenskapen bebygd areal er henta frå innsynsløysinga Matrikkel API og kobla på dei respektive bygningspunkta frå [geonorge](http://geonorge.no) ved hjelp av bygningsnummer.

Registrering av bygningspunkt i matrikkelen skal i prinsippet skje løpande, i takt med utbygginga. Men i praksis viser det seg likevel å vere eit visst etterslep, slik at bygningspunkta som er registrert siste år kan gjelde for bygningar som er satt opp noko tidlegare. Etterslepet i matrikkelføringa er undersøkt av SSB, som fann at 88 % av bygningane var registrert innan to år, medan andelen auka til 97 % innan tre år (SSB Notat 2021/1, «nedbygging av jordbruksareal i 2016-2019 basert på bygningsomriss»). Dei peiker også på at det er geografiske forskjellar i etterslepet, og at det er større etterslep i mindre sentrale delar av landet. Nye bygningspunkt som er registrert i matrikkelen siste år gjev



difor eit godt mål på kva som er bygd ned siste år, sjølv om utbygginga i nokre tilfelle kan ha starta to til tre år før.

### 1.3.3 Nasjonal vegdatabank og elveg

Nasjonal vegdatabank (NVDB) er ein nasjonal kartdatabase med informasjon om statlege, kommunale og private vegar samt skogsbilvegar. Vegane er representert med senterlinje. Statens vegvesen har det faglege ansvaret for NVDB, men data frå NVDB vert også levert av Kartverket gjennom produktet elveg. Elveg inneheld dei same geometriske elementa som NVDB, utan ein del av eigenskapane som ligg i NVDB. Elveg skal omfatte alle køyrbare vegar samt gang- og sykkelvegar. I elveg ligg det mellom anna opplysning om vegkategori og vegstatus.

### 1.3.4 Felles kartdatabase (FKB)


Felles kartdatabase er ei samling detaljerte kartdata for fleire ulike tema, mellom anna bygg, veg, vann, jernbane og flyplass. AR5 inngår også i FKB. Kartdata i FKB vert i hovudsak konstruert ut i frå flyfoto samt gjennom saksbehandling og oppmåling.

### 1.3.5 Etterslep og etterregistrering

Etterslep og etterregistrering er kjelder til feil i målingane, og gjer det vanskeleg å måle nøyaktig kva tid utbygginga faktisk har skjedd.

**Etterslep** gjeld tida frå ei utbygging finn stad til den er registrert i kartet, og gjer at ein del av nedbygginga som er registrert i kartbasane i løpet av siste året i realiteten skjedde for nokre år sidan. Her er det ein vesentleg skilnad mellom bygningspunkta og vegbasen: Bygningspunkta skal i prinsippet vere lagt inn før utbygginga tek til, sjølv om det som nevnt over er det eit visst etterslep her også. Men vegane vert registrert fyrst *etter* at dei er ferdige, og for enkelte større vegprosjekt kan det gå nokre år frå byggestart til ferdigstilling.

**Etterregistrering** gjeld element som eksisterte ved tidlegare oppdatering av kartet, men som på grunn av endra praksis eller instruks fyrst er blitt registrert i kartet no. Eit typisk døme på dette er at det vert lagt inn punkt for bygningar frå før matrikkelen vart innført i 2008. Eit anna døme er eldre gårdsvegar som vert lagt inn i vegbasen no sjølv om dei har eksistert i mange år. Slike etterregistreringar er vanskeleg å skilje frå registreringar av nye vegar, og vil vere kjelde til feil i målingane.



**Figur 2: Døme på etterregistrering av privat veg. Bilder frå 2007 (øvtst) viser at vegen er tydeleg etablert, men den er fyrst no lagt inn i vegbasen. Ei stripe av jordbruksarealet langs vegen vert talt med som registrert nedbygd i 2021.**

## 2 Metode

Nye bygningspunkt i matrikkelen og nye vegar i vegbasen vert kobla mot jordbruksareal i AR5 for å finne jordbruksareal som er registrert nedbygd siste år.

Metoden vart prøvd ut for eit mindre testområde og er dokumentert i NIBIO rapport 6 (123) 2020 «Indikator for nedbygging av dyrka jord».

Etter utprøvinga på testområdet vart metoden prøvd ut på landsdekkande data i 2021. Resultata frå landsdekkande køyring viste at det var behov for nokre justeringar av metoden:

- Bygningsomriss frå FKB bygg eller FKB tiltak var tilgjengeleg for over 70 % av dei nye bygningspunktka. Dette gjev grunnlag for langt sikrare målingar av beslag.
- Det faktiske arealbeslaget vart kontrollmålt mot flyfoto, både for vegar og bygningar. Beslaget frå vegar viste seg å vere for lite og er auka i tråd med målingane. Beslaget frå bygningar var berekna ved å gange bebygd areal med ein fast faktor. Dette gav uforholdsmessig stort beslag for store bygningar. Berekninga er difor justert til å ta utgangspunkt i konstant avstand frå yttervegg.
- Vi så at der utbygging av tidlegare jordbruksareal går over fleire år, var areala mange stader i mellomtida omklassifisert til åpen fastmark i AR5. Dette må like fullt reknast som nedbygging av jordbruksareal, og for å få med desse areala har vi tatt utgangspunkt i ein eldre årsversjon av AR5.

### 2.1 Årsversjon av AR5

Sidan jordbruksareal som er avsett til utbygging ofte vert endra til åpen fastmark før utbygginga tek til, og før det vert registrert bygningspunkt og vegar på arealet, så er det nødvendig å bruke eldre årsversjon av AR5 ved berekninga. Vi har testa med fem og ti år gammal årsversjon, og vi finn fleire døme på areal som er endra til åpen fastmark for meir enn fem år sidan, og der utbygginga enno ikkje er heilt ferdig.

Her er døme frå Sandnes:



Figur 3: Bilder frå 2008, før utbygging er starta



Figur 4: Bilder frå 2011 viser teikn til at utbygginga er i gang.





Figur 5: Bilder frå 2021 viser at området fortsatt ikkje er ferdig utbygd. Her vist med AR5 frå 2011. Bygningspunkt og vegar som er registrert i løpet av 2021 er vist som svarte punkt og linjer, og berekna nedbygd jordbruksareal er vist med raude grenser.



Figur 6: Samme område med jordbruksareal i AR5 årsversjon 2016. Her er ein god del av det tidlegare jordbruksarealet omklassifisert til åpen fastmark i samband med utbygginga. Berekna nedbygd jordbruksareal som ikkje er med i AR5 årsversjon 2016 er vist med raud skravur.



Men å bruke eldre årsversjon av AR5 kan også gje feil i målingane. Det kan gjelde ved fortetting; dersom utbygginga er ferdig og det så vert satt opp ein ny bygning, til dømes ein garasje, så kan ein diskutere kor vidt garasjen skal reknast som registrert nedbygd jordbruksareal. Vi trur likevel slike tilfelle vil vere marginale, og har berre funne eit fåtal døme på slike feil ved gjennomgang av resultatet. Feilkjelda frå slike uthus vert truleg mindre ved årleg gjentak av berekninga, då vi vil ta vare på det jordbruksarealet som er berekna nedbygd føregåande år, og mange av desse uthusa nok vil ligge innanfor det arealet som er berekna nedbygd frå hovudbygningen ved sida av.



Figur 7: Døme på fortetting på tidlegare jordbruksareal. Jordet vart bygd ned for nokre år sidan, og no er det satt opp eit nytt uthus på gårdsplassen. Uthuset vert rekna med som registrert nedbygd jordbruksareal.

Ein kan også tenke seg at areal innanfor ei tiårsperiode fyrst vert dyrka opp og så bygd ned. Dette vil i så fall ikkje bli fanga opp som nedbygd jordbruksareal. Men vi har ikkje funne døme på slik nedbygging, anna enn at dei vegane som er laga i samband med nydyrkinga har blitt lagt inn i vegbasen.

Vidare er det mogeleg å bruke ein fast årsversjon av AR5, til dømes årsversjon 2010, for alle berekningar framover. Å bruke fast årsversjon har den fordelen at samanlikningsgrunnlaget er stabilt. Men etterkvart som avstanden i tid aukar, så vil andre feilkjelder verte større. Det kan vere at jordbruksareal gror igjen til skog og så etter ei tid vert bygd ned, eller motsett, at jordbruksareal som er dyrka opp etter den faste årsversjonen vert bygd ned igjen.

Basert på dette har vi valgt å bruke ti år gammal versjon av AR5, altså årsversjon 2011. Denne viser status i AR5-basen om lag pr. januar 2022.

## 2.2 Bygningar

Nye bygningspunkt i matrikkelen siste år er brukt som utgangspunkt. Bygningspunkta er lasta ned frå Geonorge i januar, både i 2020, 2021 og 2022. Dermed har vi årsversjoar av bygningspunkta tilgjengeleg, og berre dei bygningsnummera som ikkje var med i matrikkelen året før er rekna som nye bygningar.

### 2.2.1 Etterregistreringar i matrikkelen

Det skjer ei viss etterregistrering av bygningar i matrikkelen, altså at det vert lagt inn punkt for eldre bygningar. Slike registreringar skal vere koda med «Massivregistrering» eller «SEFRAK». Sidan vi ikkje ønsker å ha med desse, er det berre bygningspunkt merka med «Vanlig registrering», samt punkt utan opplysning om opphav som er med i utvalet.

### 2.2.2 Bygningsstatus

På bygningspunkta er det også angitt kode for bygningsstatus. I prinsippet skal statusen oppdaterast løpande gjennom byggesakshandsaminga. Dermed ville det vere naturleg å tenke at ein kan bruke bygningsstatus frå og med igangsettingstillatelse som utval for nye bygningar. Men i praksis vert ikkje dette alltid fulgt opp. I SSB-notat 2019/27 «Registerbasert bygningsstatistikk» (Bloch og Svenkerud) går det fram at rundt 40 000 bygningar hadde rammetillatelse eldre enn 5 år, utan at det var registrert igangsettingsløyve, ferdigattest eller midlertidig bruksløyve. Dette samsvarer med våre observasjonar. Der det er nye flybilder tilgjengeleg, ser vi fleire stader at utbygginga både kan vere starta og ferdigstilt sjølv om bygningspunktet i matrikkelen har status «Rammetillatelse». Samstundes er det vanskeleg å slå fast at utbygginga *ikkje* er i gang sjølv om det ikkje er teikn til utbygging i flybilda, all den tid utbygginga kan ha starta etter at bildene er tatt. Kor mange med «Rammetillatelse» som ikkje er igangsatt kan vi difor ikkje seie noko om. Fordelen med å ta med dei punkta som har status rammetillatelse må vegast opp mot ulempene. I 2021 vart det lagt inn 4 538 nye bygningspunkt på areal som var jordbruksareal i AR5 årsversjon 2011. 756 av desse punkta, altså 17 %, hadde bygningsstatus «Rammetillatelse». Berre eitt punkt hadde bygningsstatus «Meldingssak registrer tiltak». Om vi utelet punkt med bygningsstatus «RA» og «MT», vil vi heilt tydeleg gå glipp av ein del bygningar der utbygginga er i gang eller er ferdig. På den andre sida risikerer vi å få med omsøkte bygningar som det likevel ikkje vert noko av, eller der utbygginga ikkje er starta enno. Vi rekner med det er svært sjeldan at utbygginga vert avlyst når det er gitt rammeløyve. Men det kan nok gje ei viss «forskutting», altså at utbygginga vert fanga opp og registrert som nedbygd før den faktisk er starta. Vi vurderer det likevel slik at bygningspunkt med statuskodane «MT» og «RA» bør vere med i utvalet inntil vidare.

Tabell 1: Kodar for bygningsstatusar som er tatt med i utvalet, med fordeling av nye bygningspunkt lagt inn i 2021 på jordbruksareal

Bygningsstatus	Kode	Antall	Prosent
Meldingssak registrer tiltak	MT	1	-
Rammetillatelse	RA	756	17 %
Igangsettingstillatelse	IG	2 936	65 %
Meldingssak tiltak fullført	MF	1	-
Midlertidig brukstillatelse	MB	151	3 %
Ferdigattest	FA	393	9 %
Tatt i bruk	TB	64	1 %
Fritatt søknadsplikt	FS	201	4 %
Ikke pliktig registrert	IP	35	1 %
Sum		4 538	100 %



Figur 8: Nye bygningspunkt med bygningsstatus "Rammetillatelse" vist i gult. Flyilder frå 2020 viser likevel ferdige bygningar, sjølv om berre eitt nytt punkt, vist i raudt, har bygningsstatus "Ferdigattest". Bygningspunkt frå tidlegare år er vist i lilla.

### 2.2.3 Bygningsomriss frå FKB

Gjennomgang av resultat frå fyrste landsdekkande måling viste at det fantes bygningsomriss for ein stor del av dei nye bygningspunkta. Difor er både FKB bygg og FKB tiltak lasta ned frå geonorge. Dei nye bygningspunkta siste år er fyrst kobla mot FKB bygg ved hjelp av bygningsnummeret. Dei resterande bygningspunkta er så kobla mot FKB tiltak. Til saman fann vi bygningsomriss for 89 % av bygningspunkta som var lagt inn i løpet av 2021.

### 2.2.4 Berekning av arealbeslag frå bygningar

For utprøving av metoden i 2020 vart bygningen sitt areal ganga med ein konstant faktor på 3,33 for å finne arealbeslaget for bygningen. Dette gjev uforholdsmessig stort arealbeslag for store bygningar, noko som vart stadfesta gjennom visuell kontroll av resultatet frå landsdekkande køyring i fjor. Det vart gjort nye målingar for å anslå arealbeslaget. Målingane vart gjort ved to ulike metodar: Den eine metoden var å måle avstand frå yttervegg til jordekant på bygningar som vart fanga opp av landsdekkande køyring i fjor, og der situasjon etter utbygging var synleg i flyfoto. Den andre metoden var å måle arealbeslag rundt einskilde bygningar, uavhengig av alder og plassering av bygningane, men differensiert på bygningstype. Metodane ga samsvarande resultat. I gjennomsnitt for alle typar bygningar vert det lagt beslag på 8 m. ut frå bygningsomrisset. Men beslaget varierer etter bygningstype. Desse målingane er lagt til grunn for berekninga av arealbeslag. For bygningar med omriss frå FKB er det lagt på fast bredde rundt omrisset, differensiert etter bygningstype som vist i tabellen under:

Tabell 2: Arealbeslag rundt bygningsomriss for ulike bygningstypar

Bygningstype	Buffer
<b>Bolig</b>	
Annen boligbygning	0,7
Bygning for bofellesskap	7,8
Enebolig	6,1
Fritidsbolig	3,4
Garasje og uthus til bolig	1,3
Rekkehus, kjedehus, andre småhus	3,5
Store boligbygg	7,8
Tomannsbolig	3,9
<b>Fengsel, beredskapsbygning mv.</b>	
Beredskapsbygning	10,4
Monument	0,0
Offentlig toalett	0,5
<b>Helsebygning</b>	
Sykehjem	16,7
Sykehus	124,8

<b>Hotell- og restaurantbygning</b>	
Bygning for overnatting	2,9
Hotellbygning	12,5
Restaurantbygning	9,4
<b>Industri og lagerbygning</b>	
Fiskeri- og landbruksbygning	5,4
Industribygning	6,8
Lagerbygning	5,4
<b>Kontor- og forretningsbygning</b>	
Forretningsbygning	12,4
Kontorbygning	5,7
<b>Kultur- og forskningsbygning</b>	
Idrettsbygning	15,4
Museums- og biblioteksbygning	5,0
Skolebygning	19,2
Universitet- og høyskolebygning	14,0
<b>Samferdsels- og kommunikasjonsbygning</b>	
Ekspedisjonsbygning, terminal	43,2
Garasje- og hangarbygning	4,7
Veg- og trafikktilsynsbygning	2,9

For dei om lag 11 % av bygningane som ikkje har omriss frå FKB-data har vi tatt utgangspunkt i plassering av senterpunktet for bygningen. Når beslaget er gitt av avstand frå yttervegg, vil forma på bygningen også spele inn på arealbeslaget. Jo meir avlang bygningen er, jo større vert beslaget. Forholdet mellom lengde og bredde vart difor målt på eit breitt utval av bygningar. Bygningar kjem i mange former, og ikkje alle er rektangulære. Men vi forenkla målingane til lengste og kortaste vegg lengde, uavhengig av eventuelle utstikk og form ellers. Resultatet viser forholdstal 1:1,8 i snitt. Her fann vi ikkje grunnlag for å differensiere etter bygningstype.

Dermed kan beslaget reknast ut etter fylgjande uttrykk, der A er bygningen si grunnflate og B er bufferbredde ut frå vegg:

$$\text{Beslag} = (\text{ROT}(A/1,8) + (2B) * ((\text{ROT}(A/1,8) * 1,8) + (2B)))$$



### 2.2.5 Arealbeslag mellom bygningar

I tilfelle der fleire bygningar er bygd ved sida av kvarandre, som til dømes byggefelt, vil også ein del areal mellom bygningane verte beslaglagt. For å ta høgde for dette, vart det laga klippepolygon ved å bufre ut alle sirklane 10 m, slå saman og bufre tilbake 10 m. Metoden er henta frå Strand og Moum (2000).



Beslag vert berekna for kvar enkelt bygning



For å fange opp areal mellom bygningane vert det bufra ut 10 m, slått saman og så bufra tilbake.




Det berekna beslaget vert lagt over AR5 for å finne beslaglagt jordbruksareal.

Figur 9: Prinsipp for å berekne beslaglagt areal med fleire bygningar inntil kvarandre.

Døme på arealbeslag frå ulike bygningstypar er vist i skjermdump under:



Figur 10: Døme på berekna arealbeslag frå to nye bustadhus med bygningstype 145, «Store samanbygde bustadhus på 3 og 4 etasjar». Desse har bufferbredde 7,8 m.



Figur 11: Døme på berekna arealbeslag frå nye bustadhus. Bygningen i midten har bygningstypekode 181, «Garasje, uthus og anneks knytt til bustad». Desse har bufferbredde på 1,3 m. Dei to andre bygningane har bygningstypekode 142, «Bygning for bofellesskap», med bufferbredde 7,8 m.






Figur 12: Døme på berekna arealbeslag frå ny landbruksbygning



Figur 13: Døme på arealbeslag frå ny landbruksbygning

Det kan sjå ut til at metoden underestimerer noko. Dette gjeld spesielt der små restareal vert liggande utanfor det berekna arealbeslaget (sjå Figur 14).

Vi ser også at bufringa for å fange opp areal mellom bygningar er noko forsiktig, og at det vert liggande nokre «øyer» med jordbruksareal som ikkje vert rekna med i beslaget (sjå Figur 15).



**Figur 14: Døme på underestimering. Berre små restareal fell utanfor det berekna arealbeslaget. Desse restareala vert nok mest sannsynleg også nedbygd.**





Figur 15: Døme på underestimering. "Øyer" mellom bygningane vert ikkje fanga opp i det berekna arealbeslaget.

## 2.3 Vegar

Vegane i vegbasen har ikkje unike nummer som gjer at ein kan sortere ut nye vegar basert på vegnummer. For å finne nye vegar som er lagt inn siste år er det difor gjort ei geografisk samanlikning av siste mot førre årsversjon av vegdatabasen. Nokon stader vert det gjort vedlikehald og forbetring i kartbasen utan at det er gjort endringar i terrenget. Desse endringane vil vi ikkje ha med som nye vegar. Difor er det lagt ein buffer rundt veglinjene i førre årsversjon, og berre veglinjene som ligg utanfor denne bufferen vert rekna som nye. Bredde på bufferen vil ha stor innverknad på resultatet. For smal buffer vil gje fleire tilfelle der forbetring av geometri kjem med som ny veg, medan for brei buffer vil fjerne nye parallelle vegar, som til dømes utviding frå to til fire køyrefelt og etablering av gang- og sykkelveg langs eksisterande bilveg.

Gjennom utprøving fann vi ut at bufferen burde vere maks 5 m ut frå senterlinja. Sjølv om det nok kan finnast tilfelle der forbetringa i kartbasen er meir enn 5 meter, vil bufferbredde over 5 meter i mange tilfelle fjerne nye parallelle vegar og køyrefelt. Som utval av nye vegar er det derfor brukt veglinjer i siste årsversjon som ligg meir enn 5 m frå veglinjer i førre årsversjon.





Figur 16: Buffer rundt veg i førre årsversjon (i turkis) fangar opp forbetring av geometrien, slik at den raude linja i siste årsversjon ikkje vert rekna med som ein ny veg.



Figur 17: Utsnitt frå Årsvoll i Sandnes. Den grøne linja viser veglinje i førre årsversjon av vegbasen, og det grå feltet viser buffersona rundt denne, som er brukt for isolere endringar som gjeld forbetring av geometri. Raude linjer viser veglinjer frå siste år

### 2.3.1 Vegbreidder

Elveg inneheld ikkje opplysning om reell vegbreidde, men datasettet inneheld opplysningar om vegkategori og vegstatus. Vegbreidde er difor estimert og differensiert etter eigenskapane vegkategori og vegstatus. Korridorane rundt veglinjene er laga for å fange opp grøfter og vegskjæringar i tillegg til sjølvvegbana.

Gjennomgang av resultatet frå landsdekkande køyring i fjor viste at korridorane for å rekne ut arealbeslag frå vegbygging var for smale i høve til det reelle beslaget. Det vart gjort nye målingar av avstand frå senterlinje veg til jordekant for dei ulike vegtypane basert på dei nye veganlegga som allereie var synleg i ortofoto.

Tabell 3: Buffer frå senterlinje for ulike vegkategoriar

Vegkat	Kategori	Vegstat	Status	Buffer 2020, m.	Målt avstand 2021, m.
E	Europaveg	V	Veg	6	20
R	Riksveg	V	Veg	5	12
F	Fylkesveg	V	Veg	3,5	10
K	Komm. veg	V	Veg	3,5	5
P	Privat veg	V	Veg	2	4
S	Skogsbilveg	V	Veg	2	4
(alle)		G	Gang/sykkelveg	2	5

Avstand frå senterlinja til jordekanten varierer nokså mykje, avhengig av terrenget omkring vegen. Der vegen ligg i flukt med terrenget rundt vil berekna arealbeslag verte for stort, medan beslaget i realiteten kan vere større enn det som er berekna der veganlegget har store vegskjæringar.

Ein kan diskutere kor stort arealbeslag som bør brukast. Dersom målet er å seie kor mykje jordbruksareal som heilt sikkert er bygd ut bør ein bruke eit minste beslag, altså vegbane pluss eit minimum av vegkant og grøft. Men ettersom det viktigaste målet med undersøkinga er å gje best mogeleg estimat for nedbygd jordbruksareal totalt sett, har vi valgt å bruke reint gjennomsnitt. Det reelle beslaget for kvar enkelt veg kan dermed avvike frå det estimerte.

Døme på arealbeslag frå ulike vegtypar er vist i skjermdump under:






Figur 18: Bereknare arealbeslag langs ny E16 ved Jevnaker. Her er det reelle arealbeslaget litt større enn det som er berekna.




Figur 19: Bereknare arealbeslag frå ny fylkesveg og gang og sykkelveg ved Larkollveien i Moss.



**Figur 20:** Bereknarealbeslag frå ny privat veg i Dovre. Ei stripe med jordbruksareal inn mot vegen vert tatt med i det berekna nedbygde jordbruksarealet.

For gang- og sykkelvegar fann vi ikkje nokon samanheng mellom bredde på beslaglagt areal og dei ulike kategoriane. Sykkelvegane «arvar» ofte vegkategori frå vegen dei går langs. Dette er illustrert i figuren under, der vegkategori på gang- og sykkelvegar er vist med ulike fargar. Vi bruker difor same bufferbredde langs gang- og sykkelvegar, uavhengig av vegkategori.





Figur 21: Gang og sykkelveg med ulike vegkategoriar, i dette tilfellet høvesvis riksveg (R), fylkesveg (F) og privat veg (P).

Der det vert anlagt vegar med fleire parallelle trasear, samt rundt vegkryss og liknande, vil også areal mellom veglinjene verte beslaglagt. For å ta høgde for dette, har vi brukt same metode som for bygningar: Vegane er bufra ut 10 m, slått saman og så bufra tilbake.

### 2.3.2 Etterregistrering av vegar


Som nevnt vert statlege vegar lagt inn i vegbasen når dei er ferdig bygde, og kommunale vegar er også normalt registrert innan eit halvt år. Men private vegar vert ofte fyrst lagt inn gjennom fotogrammetrisk vedlikehald av kartbasane, som del av Geovekst-samarbeidet.

Vegane som er fanga opp i undersøkinga er kontrollert opp mot flyfoto for å sjå kor gamle dei er. Kva som skal reknast som etterslep i registreringane og kva som er reine etterregistreringar avheng av kor ofte vegbasen er oppdatert for aktuelt område. I sentrale og tettbygde område kan vegdata bli oppdatert gjennom Geovekst med 3-4 års mellomrom, medan det i meir spredtbygde delar av landet kan gå 7-8 år mellom kvar slik oppdatering. Men som eit mål på etterregistreringar har vi rekna med vegar som påviseleg er meir enn fem år gamle. Som venta er det stor skilnad på offentlege og private vegar. For statlege vegar (fylkesveg, riksveg, europaveg) var berre om lag 1 % av dei nye vegane synlege i bilder som var minst 5 år gamle. For kommunale vegar var andelen om lag 10 %, medan for private vegar var om lag 20 % synlege i flybilder frå minst 5 år før registreringa vart gjort i vegbasen.

## 2.4 Overlapp av registrert nedbygd areal ved årleg gjentak

Ved årleg gjentak av metoden kan same areal verte identifisert som nedbygd fleire gongar. Difor er det nødvendig å ta bort areal som er rekna som nedbygd tidlegare. Dermed vil det bli størst beslag det fyste året, som vi kan kalle år 0. Vi har brukt same metode for å

berekne nedbygd areal i 2020, og overlapp av registrert nedbygd jordbruksareal frå 2020 og 2021 viste seg å vere 57 dekar, altså om lag 1 % av registrert nedbygd jordbruksareal 2021.



Figur 22: Overlapp mellom moglege jordbruksareal i 2020 og 2021. Arealet rundt bygningane er med i registrert nedbygd areal frå 2020, medan vegane er lagt inn i 2021. Det overlappende arealet er markert med skravur, og vert ikkje talt med som registrert nedbygd jordbruksareal 2021.

## 3 Resultat

Basert på kva som er registrert av bygningar og vegar i kartbasane i 2021 har vi målt 5 292 dekar nedbygd jordbruksareal, fordelt på 2 115 dekar frå bygningar og 3 177 frå vegar. For 2020 har vi målt 6 909 dekar nedbygd jordbruksareal, fordelt på 2 145 dekar frå bygningar og 4 533 dekar frå vegar.

Tabell 4: Registrert nedbygd jordbruksareal i dekar

	2020	2021	Sum
Bygningar	2 145	2 115	4 260
Vegar	4 533	3 177	7 941
Sum	6 909	5 292	12 201

### 3.1 Registrert nedbygd areal etter formål

Målingane av registrert nedbygd jordbruksareal viser at vegar står for 65 % av registrert jordbruksareal, medan 35 % kjem frå bygningar.

Av dei 35 % frå bygningar kjem 48 % frå bustadbygningar, 26 % frå landbruksbygningar og 26 % frå andre bygningar.

Landbruksbygningar står for 1 090 dekar av registrert nedbygd jordbruksareal over dei to åra målinga gjeld for, altså 545 dekar årleg. I tillegg er det ein liten del, 57 dekar, som kjem frå våningshus, og som også kan seiast å vere del av landbruket si nedbygging. Dette er vesentleg mindre enn kva som kom fram i rapporten «Nedbygging av jordbruksareal» frå 2017 (SSB rapport 2017/14, Gundersen mfl.). Der fann ein at landbruket i snitt bygde ned 1 750 dekar årleg i perioden 2004-2015. Dei to målingane kan ikkje samanliknast heilt direkte. Mellom anna er det i målingane frå 2004-2015 tatt med ein del utviding av tunområde utan bygningar, som ikkje er med direkte i målingane av registrert nedbygd jordbruksareal. Men det synes likevel klart at landbruket si nedbygging i fall er halvvert i høve til perioden 2004-2015.

Bustadbygningar står for 17 % av totalt registrert nedbygd, medan landbruksbygningar står for snaut 9 % og andre bygningar litt over 9 %.

Totalt 2 041 dekar registrert nedbygd jordbruksareal kjem frå bustadbygningar. Av dette kjem 180 dekar frå fritidsbustader.



Tabell 5: Registrert nedbygd jordbruksareal etter bygningstype

Bygningstype	Dekar	Andel av bygg	Andel av total
Bolig	2 041	48 %	17 %
Landbruk	1 090	26 %	9 %
Industri	428	10 %	4 %
Anna	701	16 %	6 %
Sum	4260	100 %	35 %

Full fordeling av registrert nedbygd jordbruksareal etter bygningstype er vist i vedlegg 1, Tabell 15.

Av dei 65 % frå vegar utgjer private vegar størstedelen, med nær 70 %, medan europaveg og riksveg berre står for om lag 13 % til saman.

Tabell 6: Registrert nedbygd jordbruksareal etter vegkategori

Vegkategori	Dekar	Andel av veg	Andel av total
Europaveg	988	12 %	8 %
Riksveg	79	1 %	1 %
Fylkesveg	631	8 %	5 %
Kommunal veg	672	8 %	6 %
Privat veg	5295	67 %	43 %
Skogsbilveg	276	3 %	2 %
Sum	7941	100 %	65 %

88 % av dette er frå bilvegar og 12 % frå gang- og sykkelveg.

## 3.2 Samanlikning med tal frå KOSTRA

Tal frå KOSTRA for omdisponert dyrka jord kan ikkje samanliknast direkte med resultat frå registrert nedbygd jordbruksareal.

Det er både forskjell i kva som vert meldt inn og registrert, og kva tid tala gjeld for. For det fyrste vil det vere eit etterslep frå dyrka jord vert omdisponert og meldt inn gjennom KOSTRA til det nedbygde arealet er fanga opp i kartet. I tillegg vert mellom anna nedbygging frå landbruket ikkje rapportert gjennom KOSTRA, medan på den andre sida ein del areal som er rapportert gjennom KOSTRA ikkje vert fanga opp som registrert nedbygd. Døme på dette kan vere idrettsanlegg og golfbanar. Men ein bør likevel forvente ein viss samanheng mellom dei to målingane. Om tala frå KOSTRA viser at det er omdisponert mindre dyrka jord, så bør ein forvente å finne synkande trend i registrert nedbygd jordbruksareal.

Resultata viser at det er registrert vesentleg meir nedbygd jordbruksareal siste åra enn det som er rapportert gjennom KOSTRA. Målingane viser mindre registrert nedbygd

jordbruksareal i 2021 enn i 2020, men det er tidleg å seie om dette representerer ein synkande trend.

Tabell 7: Samanlikning av areal rapportert gjennom KOSTRA og registrert nedbygd jordbruksareal

	2018	2019	2020	2021
KOSTRA	3 908	3 843	4 812	3 104
Registrert nedbygd			6 909	5 292


### 3.3 Registrert nedbygd jordbruksareal etter kvalitet

Eigenskapar ved jorda saman med klimatiske tilhøve er avgjerande faktorar for vilkåra for matproduksjon. Jordbruksareala i Noreg har eit stort spenn i klimatiske tilhøve, frå areal i søraust som er godt egna til produksjon av matkorn, til areal lengst nord og oppunder tregrensa, der ein ikkje kan hauste meir enn ei grasavling i året. Likeins er det stor variasjon i jordsmonnet på jordbruksareala, frå djup og næringsrik morenejord til dyrka myr og grunnlendte innmarksbeite. Skal ein få fram areala sin verdi for mattryggleik, er det avgjerande å vite både kva kvalitetar jorda har og kva klimasone den ligg i.

I AR5 er jordbruksarealet delt inn etter dyrkingsgrad. Ein viser om jorda er fulldyrka, overflatedyrka eller innmarksbeite. I tillegg ligg det opplysningar om grunnforhold, der ein skil på om det er mineraljord (jorddekt) eller myr (organisk jord). Overflatedyrka jord og innmarksbeite med jorddjupne mindre enn 30 cm vert også merka som grunnlendt. Ut over dette inneheld ikkje AR5 opplysningar om eigenskapane til jorda.

Jordsmonnkarta inneheld langt meir detaljerte opplysningar om eigenskapane til jorda. NIBIO har jordsmonnkart for nesten 60 % av fulldyrka og overflatedyrka jord i Noreg. Det meste av austlandet, Trøndelag og Jæren er dekkja, medan det førebels er lite dekning i fjell- og dalbygdene i innlandet, på vestlandet og i Nord-Noreg.

Basert på jordsmonnkarta er det utvikla ei rekke temakart både for å synleggjere dei agronomiske kvalitetane til jorda og kor godt egna ho er for produksjon av ulike vekstar.



Figur 23: Andel fulldyrka og overflatedyrka jord pr. kommune som er dekt av jordsmonnkart pr. august 2022.

### 3.3.1 Kopling mot jordsmonnkart

Temakarta jordressursklasser, jordkvalitet og verdiklassar deler jorda inn i klassar etter generelle agronomiske kvalitetar, utan omsyn til klimasoner og dei ulike vekstane sine krav til jorda. Karta er utvikla for bruk innan planlegging. Dei gjev ei god differensiering lokalt, noko som er spesielt viktig i område med mindre gunstig klima, der klimaet vil gje




avgrensingar som overskygger kvalitetsforskjellane i jorda. Men desse karta er ikkje egna til å gje opplysningar om avlingsnivå for ulike vekstar.

For å seie noko om potensialet for matproduksjon er det avgjerande å ha med opplysningar om klima. Basert på jordsmonnkart i kombinasjon med klimadata har NIBIO utvikla ein ny kartserie som viser potensiale for korndyrking, grasdyrking og for dyrking av ei rekke grønsaker. Kopling mot karta som viser potensial for korn- og grasdyrking vil gje eit godt mål på kva verdi dei nedbygde areala hadde for matproduksjon.


Resultatet kan visast på fleire måtar. Det kan til dømes vere relevant å samanlikne prosentvis fordeling av registrert nedbygd jordbruksareal med fordelinga for alt jordsmonnkartlagt areal:

Tabell 8: Prosentvis fordeling av produksjonspotensial for registrert nedbygd jordbruksareal mot totalt jordsmonnkartlagt jordbruksareal.


Produksjonspotensial	Sein kveite		Tidleg bygg		Gras	
	Nedbygd	Totalt	Nedbygd	Totalt	Nedbygd	Totalt
<b>Høgt potensial</b>	53,6 %	48,7 %	64,0 %	58,8 %	33,0 %	32,0 %
<b>Middels potensial</b>	22,2 %	19,3 %	28,3 %	30,0 %	63,1 %	63,2 %
<b>Lavt potensial</b>	17,4 %	18,4 %	5,3 %	6,4 %	3,8 %	4,4 %
<b>Uegna</b>	6,7 %	13,5 %	2,2 %	4,6 %	0,0 %	0,2 %



Figur 24: Samanlikning av potensial for produksjon av sein kveite for registrert nedbygd jordbruksareal (beslaglagt) mot totalt jordsmonnkartlagt jordbruksareal



Figur 25: Samanlikning av potensial for produksjon av sein kveite for registrert nedbygd jordbruksareal (beslaglagt) mot totalt jordsmonnkartlagt jordbruksareal



Figur 26: Samanlikning av potensial for grasproduksjon for registrert nedbygd jordbruksareal (beslaglagt) mot totalt jordsmonnkartlagt jordbruksareal


